

# KRONIKK & DEBATT

## KRONIKK:

Maks 5000 tegn inkludert mellomrom. Legg ved portrettfoto.

## DEBATT:

Innlegg: 3000 tegn inkludert mellomrom. Replik/kortinnlegg: 1000 – 2000 tegn.

E-post: [debatt@klassekampen.no](mailto:debatt@klassekampen.no)  
Redaksjonen forbeholder seg retten til å forkorte innlegg.



**Tollef Mjagedal**  
[tollefm@klassekampen.no](mailto:tollefm@klassekampen.no)  
Kronikk- og debattredaktør



**Carline Tromp**  
[carlinet@klassekampen.no](mailto:carlinet@klassekampen.no)  
Redaksjonssekretær



**Ingrid Grønli Åm**  
[ingridga@klassekampen.no](mailto:ingridga@klassekampen.no)  
Redaksjonssekretær

Klassekampen honorerer normalt ikke innsendt stoff. Innsenderens e-postadresse blir trykt med mindre innsenderen reserverer seg mot dette.



**STENGT:** Omsorgssenter for unge asylsøkere i Salangen.

## Svikt satt i system

**PRIVATISERING**  
Ina Gravem Johansen



Det som skulle være et omsorgssenter for enslige asylsøkende barn i Salangen (Troms) driftet av den private næringsaktøren Koa, stenges på grunn av brudd på barnevernsloven, trusler mot barna, alvorlige mangler hos ledelse og personal samt en rekke andre lovbrudd. Grusomt for barna som har vært utsatt for dobbel omsorgssvikt!

Er det overraskende? Nei. Når helse og omsorg blir profitt, når fagforakt og enkle løsninger brukes for å presse ut maksimal fortjeneste, er dette resultatet.

**De mest utsatte** betaler prisen for at private aktører med vilkårlig kompetanse og motiver skal drive omsorg.

Jeg etterlyser strengere regulering, kontroll og sanksjoner mot å «leke butikk» i helse- og omsorgssektoren. Koa er et eksempel på hvor galt det kan gå. Det offentlige har mottatt bekymringsmeldinger i årevis. De burde aldri fått anledning til å utsette de sårbare enslige mindreårige asylsøkerne for sin praksis.

Dette er en skam i et land der det finnes høy faglig kompetanse innen barnevern, sosialtjeneste, psykologi, traume- og relasjonsarbeid, helse og omsorg. Kompetanse enslige mindreårige asylsøkere har behov for.

**Ina Gravem Johansen,**  
Lenvik  
[inagjdesign@gmail.com](mailto:inagjdesign@gmail.com)

# Det er ingen grunn til å skifte ut barnelærdomen om at na Noreg – ein fe

## KRONIKK

Eldar Heide



Det siste dryge året har det vore ein del i media om at namnet Noreg/Norge ikkje skulle koma av *Norðrvegr*, altså vegen mot nord. Det hadde jo vore artig om det ikkje var slik vi alle har trudd, og særleg dersom landet i staden er kalla opp etter ein dverg- eller jotunkonge, slik somme hevdar. Dette drøftar eg i ein ny artikkel i Namn og nemne, og konkluderer dessverre med at det ikkje er grunn til å skifte ut barnelærdomen, endå så traust han er.

Ideen om at landsnamnet ikkje tyder 'vegen mot nord' er frå 1800-talet, og finst i to variantar. Begge seier at føreleddet i gammalnorsk *Nor* (v) egr er inkjekjønnsordet *nór*, som òg er namnet

på ein jotunkonge, og som vi finn mellom anna i Noresund (ved Norefjell) og Norheim-sund (i Hardanger). Dette ordet tyder 'trengt sund' og er i slekt med engelsk *narrow*. Anten skal Noregr då tyde «Veien langsmed de trange sundene» (Michael Schulte, Klassekampen 17. desember 2015, Klaus Johan Myrvoll, NRK TV 4. oktober 2016), eller så viser namnet til den langsmale forma på landet (Gro Steinsland, Klassekampen 19. desember 2015).

**Dette bygger på** at landsnamnet har ei overraskande form i fem skaldestrofer frå slutten av vikingtida. Vokallengd går vanlegvis ikkje fram av norrøne handskrifter, men i desse skaldestrofene ser vi av innrim at uttalen må ha hatt lang o, altså *Nóregr* (der aksenten markerer lang vokal). Men dersom namnet

kom av *Norðrvegr*, så skulle vi vente kort vokal, for i *Norðr* er det kort vokal, og i språket den gongen ville ikkje vokalen bli forlengd for det om konsonantgruppa i *Norðrvegr* vart redusert til enkel vokal, *Noregr*. (Dagens uttale, derimot, krev lang vokal i *Noregr*.) Derfor har somme meint at *Nóregr* ikkje kan koma av *Norðrvegr*, og har i staden søkt seg til *nór*-forklaringa.

Som argument mot *Norðrvegr* har ein òg nemnt at dei eldste runeinnskriftene og skaldestrofene vi kjenner her frå Norden ikkje har ð. Den finn vi berre i nokre latinske og gammalengelske kjelder, og så har ein føreslått at han der kjem av folkeetymologisk kopling til himmelretninga nord.

# ”

For sjøfarane må det ha vore eit eventyr.

**Etter mitt skjøn** held ingen ting av dette. For det fyrste kan *nór* vanskeleg ha karakterisert det opphavlege *Noreg*, som alle meiner var den norske vestkysten. *Skipsleia* der har breiare sund enn *leia* på Skagerak-kysten,

og *nór* tyder 'samanklemd' (sjå *Noresund* og *Norheimsund* på kartet), som er noko heilt anna enn langsmal.

For det andre viser ikkje dei fem skaldestrofene at vikingtidsuttalen hadde lang vokal. Alle nynordiske former av namnet (*Noregur*, *Norge*, *Nøri*, *Nørje* og så vidare) viser tilbake på kort vokal, og lang vokal i dei fem strofene kan vera ordleik. Dei norrøne diktteoretikarane nemner faktisk triksing med vokallengd som eit verkemiddel ein kunne bruke for å skapa tvitydigheit. Noko slikt ville passe i dette tilfellet, for dei fem strofene er dikta av skaldar frå Island. Der står havet rett på, så når ein islending kom til *Noreg*, ville han leggja merke til at dette landet er særmerkt av ei skjjerma *skipslei* langs kysten. Etter at *Norðrvegr* var nedslite til det meiningslause



**NORVEGIA:** Fleire har hevda at namnet *Noreg*/*Norge* ikkje skulle koma av

*Nor* (v) egr, må det derfor ha lege nær for islendingar å assosiere det med *nór* og oppfatte det som '(trong) sundleia'. Ein slik islandsk folkeetymologi kan islandske skaldar ha gripe til når dei trong lang vokal for å fylle versemålet.

**For det tredje:** Dersom det likevel heitte *Nóregr* i

vikingtida, så utelukkar ikkje det at namnet er utvikla frå *Norðrvegr*. Det ville vera unormal lydutvikling, men vi kan ikkje bygge teoriar på at unormale ting ikkje kan skje, for det gjer dei, og har alltid gjort det.

For det fjerde er dei eldste, dei skriftformene som har med ð eller tilsvarande og dermed tydeleg viser sam-

net Noreg tyder «vegen mot nord».

# stbremms



norðvegr, vegen mot nord. Men det gjer det nok, skriv forfattaren.

ILLUSTRASJON: CARTA MARINA AV OLAUS MAGNUS (1539)

band med himmelretninga nord – altså Norðveg, Northwegia osv. Regelen er å tru mest på dei eldste stadnamnkjeldene, og då er det underordna at nordiske kjelder ikkje har ð. Hos oss fall også v-en bort tidleg, men det talar ikkje imot at det opphavleg var v i namnet (jamfør Norway, Norwegen og så vidare). Dermed passsar det

heller ikkje at koplinga til «nord» skal ha kome inn med folkeetymologi. Når vi seier at Makrellbekken har oppstått med omtolking av Markskjellbekken (grensebekken), så er jo det fordi Makrellbekken har erstatta Markskjellbekken. I namnet «Noreg» er det motsett; det synlege sambandet med «nord» blir borte.

Materialet tyder altså på at uttalen med ð og tydeleg kopling til himmelretninga «nord» er eldst og at det er slitasje på den som har ført til former som Norwegen og Noregr. I beslektta ord veit vi at det har gått slik for seg. I adjektivet norðrønn, som bokstaveleg tyder 'nordleg' (same ord som engelsk *northern*), fall ð tidleg bort, og det same skjedde i den latiniserte forma northmanni og til dels i gammalengelsk norðmenn (jamfør seinare engelsk normans).

**Går vi ut frå** at opphavsforma var Norðrvegr, så fell brikene på plass. Germanarane kom frå sør og spreidde seg nordetter kysten, samtidig som ferder vidare til Kvit-sjøen var viktige tidleg. Då gjev Norðrvegr svært god meining som namn på det eldste Noreg, sett frå utgangspunktet i sør. Dette stemmer med at ein person frå dette landet vart kalla norðmaðr og at adjektivet som var knytt til landet var nor (ð) rønn, nordleg. At det er dei eldste skriftformene som har ð o.l., og at han så fall bort, blir då heilt som vi skal vente. I tillegg kjem at folk den gongen hadde eit heilt system av nemningar for ferdsleveggar i dei ulike himmelretningane: austrvegr, suðrvegr og vestrvegr, med Skagerak som sentrum. Dersom Noregr ikkje kjem av Norðrvegr, så betyr det at folk avstod frå å bruke norðrvegr i dette systemet. Det ville vera merkeleg, for leia nordover Norskekysten er den av desse vegane som i særklasse byr seg mest fram som «veg» frå naturen si side. Vi som er oppvaksne her i bilalderen tenkjer ikkje over, men det er faktisk eineståande med ei skipslei skjerna mot Atlanterhavet over det meste av ei strekning på rundt 2000 km. For sjøfararane i gammal tid må det ha vore eit eventyr – nær sagt ein fest.

**Eldar Helde**, fyrsteamanuensis i norsk Høgskulen på Vestlandet

eldar.helde@hvl.no

## Diagnose

**FLUKT**

Ruslan Vachaev



**Tenk deg at** det en dag kom pansrede vogner rullende inn i byen din. Tenk deg at landet ditt, hjemstedet ditt, gata di, blir okkupert av fremmede styrker. Tenk deg at det bryter ut full krig. At byen bombes, totalt ødelegges, at mennesker dør. Tenk deg at du kjemper for å bevare selvstendigheten, at du hjelper motstandsfolkene, dine venner, med forsyninger, mat og medisiner. At du har gjort alt som har stått i din makt for at dine landsmenn, dine naboer, din familie, din mor skal være frie, lykkelige mennesker.

**Tenk deg at** du har tapt. Tenk deg at alt du sier imot de nye myndighetene kan få deg og din familie drept. Tenk deg at folk rundt deg begynner å forsvinne uten forklaring. At din egen bror plutselig forsvinner. Forestill deg at du, i det landet du elsker, på stedene du lekte på som barn, i huset hvor du bor, ikke kan føle deg trygg. Aldri.

**Tenk deg at** alle fjernsynskameraer, journalister og nyhetsbyråer, som en gang var der for å dekke krigen, har reist sin veg. At ingen lenger er til stede for å dokumentere uretten du og dine landsmenn daglig blir utsatt for. Tenk deg at du føler deg glemte. Usynlig for omverdenen.

**Tenk deg at** du blir tatt til fange, blir truet, torturert. At du blir sparket i hodet, får tennene slått ut. At du under avhør flere ganger får en pistol rettet mot hodet. At du hører skrikene fra andre som holdes fanget i naborommene når de blir torturert med elektrisk strøm. Forestill deg at du sitter og venter på å dø i et mørkt rom, i en eller annen kjeller. At du begynner å hoste blod og til slutt ikke klarer å reise deg.

**Forestill deg at** du av en eller annen grunn blir sluppet løs. At du blir ført av sted i en bil, dumpet i en